



Ledige bustadtomter
Klyppemyrhaugen, Beitostølen
Øystre Slidre kommune



KLYPPEMYRHAUGEN

bustadfelt, Beitostølen

Øystre Slidre kommune har 24 attraktive bustadtomter for sal i Klyppemyrhaugen bustadfelt på Beitostølen. Feltet ligg 10 km frå Beitostølen sentrum. Klyppemyrhaugen er sør/sørvestvendt, med panoramautsikt til fjella og Jotunheimen, med sol frå morgon til kveld.

Klyppemyrhaugen ligg til Lidar skulekrins. Skulen er ny og moderne barneskule. Øystre Slidre kommune har full barnehagedekning og garanterer barnehageplass frå barnet fyller eitt år. Næraste barnehage til Klyppemyrhaugen ligg i Beito, om lag tre km frå Beitostølen.

I Klyppemyrhaugen har du naturen heilt inn på dørhella, med flotte turstigar og skiløyper innan kort rekkevidde. Som turistdestinasjon kan Beitostølen tilby eit utval av butikkar, restaurantar og aktivitetsmoglegheiter, samt kultur- og idrettsarrangement som t.d. Trollrock, Beitostølen Fjelljazzfestival, Beitosprinten og Det Norske Fjellmaraton.

Øystre Slidre kommune har og ei svært flott og ettertrakta Statsallmenning, med gode jakt- og fiskemoglegheiter for kommunen sine innbyggjarar.

Øystre Slidre kommune er ei kulturbygd med mange frivillige lag og organisasjonar. Kulturskulen har eit breitt tilbod innan moderne og tradisjonelle kulturuttrykk. Kommunen har fleir gode møteplassar for ulike aldersgrupper, t.d. biblioteket, gjennom Frivilligsentralen og ungdomsklubben.

548 860,-
inkl. omk.

GEOGRAFI / INFRASTRUKTUR

Beitostølen sentrum	2 km
Kommunesenter, Heggenes	18 km
Regionsenter, Fagernes	40 km

SKULE	
Lidar skule	7 km
Øystre Slidre ungdomsskule	20 km
Valdres vidaregåande skule	45 km



BARNEHAGE	
Beito barnehage	3 km

TRANSPORT	
Valdresekspressen (Fv 51)	2 km

HELSE	
Helsestasjon	18 km
Legekontor	18 km
Valdres lokalmedisinske senter	40 km



Foto: © Kjell Berge Melbybråten



FINN FRAM TIL Klyppemyrhaugen

FRÅ FAGERNES

Ta av på FV51 mot Beitostølen ved brua i Fagernes sentrum. Følg vegen i om lag 40 km, til Beitostølen sentrum. Ta av til venstre på Beitostølsvegen i krysset ved Spar/Gjestegården. Følg vegen i to kilometer. Ta så til venstre inn Klyppemyrvegen, og du er i Klyppemyrhaugen bustadfelt. 3


FRÅ BEITOSTØLEN

Ta av ned mot Beito på Beitostølsvegen i krysset ved Spar/Gjestegården. Følg vegen i to kilometer. Ta så til venstre inn Klyppemyrvegen, og du er i Klyppemyrhaugen bustadfelt.



OVERSIKT OVER LEDIGE TOMTER





-rein naturglede
Øystre Slidre kommune

KONTAKT OSS

Øystre Slidre kommune
Bygdinvegen 1989
2940 Heggenes

tlf: 613 52 500
post@oystre-slidre.kommune.no

www.oystre-slidre.kommune.no